



Arkivsaknr: 2024/12585-27
Sakshandsamar: Marita Kvalheim
Avdeling: Miljø og byggesak

SAKSFRAMLEGG

Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for areal, plan og miljø godkjenner Tiltaksplanen for Mjåtveitvassdraget.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast utval for areal, plan og miljø.

Kommunestyret får saka som referatsak.

Saka gjeld

Elvemuslingen (*Margaritifera margaritifera* L.) finst i eigna lokalitetar i heile landet, men er i sterk tilbakegang, spesielt i Sør-Norge. Den er difor raudlista som sårbar.

I Alver kommune finn vi elvemusling i Mjåtveitelva. Elvemuslingen var også ein periode frykta tapt i Mjåtveitelva, men den vart funnen att i 2021, då bestanden av elvemusling vart undersøkt. Undersøkingane viste at det finst ein bestand på ca. 270 elvemusling i Mjåtveitelva.

Statsforvaltaren i Vestland bad den 24.06.2021, om at Alver kommune vurderte å utarbeide ein tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget. Arbeid med å utarbeide ein tiltaksplan vart starta opp våren 2022. På grunn av manglande ressursar har det ikkje vore aktivitet i arbeidet i perioden mellom 2023-2024. Arbeid med tiltaksplanen vart starta opp igjen hausten 2024.

Målet til tiltaksplanen er å sikra elvemuslingbestanden i Mjåtveitelva og sikre betre vasskvalitet i elva.

Sakshistorikk

Alver kommune hadde eit møte med Statsforvaltaren i Vestland den 17.06.2021. I brev datert 24.06.2021 ber Statsforvaltaren i Vestland om at Alver kommune vurderer å utarbeide ein tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget.

I prosessen med utarbeiding av tiltaksplanen har den vore på høyring til:

- Magnar Askeland, grunneigar gbnr.322/4.
- Mjåtveitelvens forening
- Steinar Kålås – Rådgivande biologar
- Bjørn Mejdell Larsen – rådgivar Norsk institutt for naturforskning (NINA).
- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland

Det er komme merknader frå:

- Magnar Askeland, grunneigar gbnr.322/4.
- Mjåtveitelvens forening
- Vestland fylkeskommune

Merknadar er vedlagt saka.

Økonomiske konsekvensar

Mjåtveitvassdraget og elvemuslingen medfører allereie i dag oppfølging frå kommunale og statlege etatar. Dei ulike tiltaka er spreidd på mange ulike aktørar, både private og næringsliv og ansvarlege myndigheiter.

Det er ingen kommunal finansiering av tiltaka i Tiltaksplanen for Mjåtveitvassdraget. Kommunen kan med hjelp av eigne ressursar i tiltaka som omhandlar forvaltningsoppgåver, informasjon og kartlegging.

Døme er tiltak som:

Tiltak 2, 5, 6, 7, 14, 15, 20, 21, 22

Andre større tiltak vil krevja private avtalar med grunneigarar, uavhengig av kven som skal gjennomføre tiltaka.

Ved arbeid med tiltak som kommunen skal gjennomføre og planleggje, må det setjast av pengar i budsjett til blant anna nødvendig utstyr for å gjennomføre tiltaket.

Gjennomføring av tiltaka vil i seg sjølv krevje økt ressursbruk administrativt. Nokre av tiltaka vil krevje at det vert søkt om, og gjeve løyve, frå fleire regelverk.

Økt fokus på elvemuslingen og vassdraget vil gje administrasjonen fleire oppgåver. Dette kan gå ut over andre oppgåver, eller krevje fleire ressursar. Økte ressursar vil igjen medføre auka lønskostnader/driftsmidlar. Økonomi og ressursar vil derfor setje avgrensingar i tiltaksplanen der tiltaka er omfattande og kostbare.

Tiltaka i planen er ikkje kostnadsberekna. Nokre av tiltaka er omfattande og kostbare, medan andre kan gjennomførast med mindre endringar av driftsrutinar.

Tiltaka kan vere grunnlag for å søkje om midlar frå til dømes Miljødirektoratet til gjennomføring.

Miljømessige konsekvensar

Elvemusling er klassifisert som sterkt trua på Den globale raudlista, og kategorisert som sårbar på Norsk Rødliste. Den er ein ansvarsart for Noreg. Ein ansvarsart er ein art som har ein vesentleg del av den naturlege utbreiinga si i Noreg.

Ein sunn elvemuslingbestand med ulike årsklassar er eit teikn på godt vassmiljø. Ved å arbeide for auka levekår og betre vasskvalitet i Mjåtveitvassdraget, bidrar ein samstundes positivt til livsmiljøet og artsmangfaldet, i og rundt elva.

Ein tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget vil gje eit positiv bidrag til å sikre elvemuslingsbestanden i elva.

Kommunedirektøren si tilråding

Utval for areal, plan og miljø godkjenner Tiltaksplanen for Mjåtveitvassdraget slik den ligg føre.

Vedlegg

- 1 Merknadsskjema - innspel til Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget
- 2 Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget
- 3 Fw: Kommentar til tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget
- 4 Fråsegn til tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget - Alver kommune.pdf
- 5 Referat tiltaksplanen.pdf